
Emne: Kva er vitsen med SFO?

Til: Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

Sendt: 02.12.2023 22.34.58

Fra: Gard Gryt Grimstad <gardgg@gmail.com>

Er det tatt ein gjennomgang av kva brukarane(foreldra) av SFO har som behov med tanke på lengd av teneste? Om kva dei som har born på SFO jobbar med? Er det vanleg å slutte arbeidsdagen sin kl 15:00?

Som tilsett sjukepleiar i ei kommune som skrik etter sjukepleiarar, så kan eg informere om at turnusarbeiderar(helsevesenet) ikkje har ein magisk «slutt kl 15:00» klausul i sine kontrakter. Arbeid over bestemt arbeidstid, for at det skal gå opp, er vanleg. Dette er ikkje forenleg med å kunne hente innan fristen. Som om helsearbeidarar ikkje har nok därleg samvit grunna tidspress. Det aukar ikkje trivsel på arbeidsplassen.

Hareid kommune må passe seg for å gjøre tiltak som gjer det mindre attraktivt for barnefamilier å busette seg i kommunen. Eg er gift med ein sjukepleiar og hadde det ikkje vore for vanleg og sommar SFO, så hadde vi ikkje klart kvardagen som arbeidstakrar i fulle stillingar. Eg fryktar at ei redusering i tilbodet vil ha negative konsekvensar i det lange løpet.

Mvh Gard Gryt Grimstad

Sendt fra min iPhone